

Protokoll frå årsmøtet i Rogaland Nei til EU 3.2.2024

Saksliste:

1. Konstituering: godkjenna innkalling og saksliste
2. Velja ordstyrar og referent
3. Velja to til å skriva under protokollen
4. Årsmelding for 2023
5. Rekneskap for 2023
6. Budsjett for 2024
7. Arbeidsplan for 2024
8. Innkomne forslag
9. Velja styre og utsendingar til landsmøtet
10. Velja valkomité og revisor
11. Helsingar

Lunsj

Etter lunsj:

Foredrag om energipolitikk v/Tove Rasmussen, leiar for Motvind Sørvest

Foredrag om Ungdom mot EU, ved Kim Hamre, leiar for Ungdom mot EU

Av praktiske årsaker blei det justert i rekkefølga mellom sakene. Helsingar blei haldne undervegs mellom dei andre sakene.

Johan Egdetveit underheldt årsmøtet med viser med politisk snert.

1. Konstituering: godkjenna innkalling og saksliste

John Erik Ullestad meinte at årsmøtet ikkje var lovleg innkalla, då innkallinga bare gjekk til medlemmer med meiladresse og ikkje gjekk til medlemmer som ikkje hadde meil. Ullestad innstilte på at ein ikkje skulle godta innkallinga.

Leiv Olsen svara at styret hadde vedtatt at innkallinga skulle gå ut på meil og på sms, og på brev i posten til medlemmer me ikkje har meiladresse eller mobiltelefonnummer til.

Det var openbart at ikkje alle medlemmer hadde mottatt innkallinga, endå styret hadde vedtatt at den skulle gå som vanleg post til dei me ikkje har meil eller mobilnummer til.

John Erik Ullestad forlot møtet då han meinte det ikkje var lovleg innkalla.

Tove Rasmussen, invitert som foredragshaldar, tok ordet for å seia at inviterte gjestar burde på førehand få eit klokkeslett, slik at dei visste når dei måtte vera til stades.

Gjenverande medlemmer godkjende innkallinga.

Den framlagde sakslista for årsmøtet blei godkjent.

2. Velja ordstyrar og referent

Espen Watne blei vald til ordstyrar.

Leiv Olsen blei vald til referent.

3. Velja to til å skriva under protokollen

Tom Knudsen og Kate Elin Norland blei valde til å skriva under protokollen.

4. Årsmelding for 2023

Leiv Olsen la fram årsmeldinga på vegne av styret.

Eldar Myhre tok opp arbeidet med høgsterettsdommen om Norges tilslutning til ACER. Han spurde kva som er konsekvensar av dommen, og om Nei til EU har oppsummert kva konsekvensar dommen må få for det vidare arbeidet vårt. Han trekte òg fram at den lokale energileverandøren, Lyse Energi, som leverer storparten av straumen i Rogaland, er eigd av kommunane. Dei skal ha generalforsamling i april. Kva gjer me andsynes Lyse Energi?

Årsmøtet bør i arbeidsplanen for 2024 få med at oppfølginga av høgsterettsdommen må prioriterast høgt både i Rogaland Nei til EU og i Nei til EU sentralt.

5. Rekneskap for 2023

Rekneskapen er ikkje slutført, og derfor heller ikkje revidert, då Rogaland Nei til EU på årsmøtedadgen bare hadde fått ein mindre del av kontingentoppgjjer for 2023. Styret foreslo:

Rekneskapen for 2023, lagt fram på årsmøtet i Rogaland Nei til EU 3.2.2024, blir godkjent med atterhald. Føresetnaden er at rekneskapen, når den er slutført, blir godkjend av revisor, og blir lagt fram for endeleg godkjenning på årsmøtet i Rogaland Nei til EU i 2025.

Årsmøtet innvende at dei ikkje kunne gi godkjenning til ein ikkje ferdig rekneskap. Årsmøtet vedtok:

Rekneskapen for 2023 skal leggst fram for årsmøtet i 2025 og bli behandla av det årsmøtet.

(samrøystes vedtak).

6. Budsjett for 2024

Leiv Olsen la fram forslag til budsjett for 2024 (sjå vedlegg).

Årsmøtet vedtok budsjettet for 2024, i tråd med det framlagde forslaget.

(samrøystes vedtak)

7. Arbeidsplan for 2024

Leiv Olsen la fram forslag til arbeidsplan for 2024, i tråd med forslaget som var lagt fram på førehand, men med følgjande tillegg til punktet om arbeidet med ACER (tillegget markert med feit skrift):

Me skal halda fram med arbeidet mot ACER-tilslutning, og spesielt mot energipakke 4. Høyesterettsdommen om ACER får konsekvenser. Styret i Rogaland Nei til EU må arbeide for at NEI til EU følger opp høyesterettsdommen, og prioriterer dette.

Vi skal halda fram med arbeidet mot helseunion og andre EU-direktiv.

Arbeidsplanen vedtas med dette tillegget.

(samrøystes vedtak)

Vedtatt arbeidsplan blir lagt ved årsmøteprotokollen.

8. Innkomne forslag

John Atle Vestvik hadde fremma slikt forslag:

Regjering og Storting skal styre landet i samsvar med folkeflertallets vilje. Vi har opplevd flere eksempler på det motsatte. Det er behov for å innføre ordninger som sikrer at folkeflertallets vilje blir avklart, og som forplikter regjering og Stortinget til å følge opp det flertallet uttrykker.

Årsmøtet vedtok å oversenda forslaget til Nei til EU sentralt (samrøystes).

9. Velja styre og utsendingar til landsmøtet

Dag Andreassen la fram valkomiteens innstilling (jamfør vedlegg):

Amina Ødegaard Prestbakk, leiar, gjenval (for 2 år)

Espen Watne, nestleiar (ikkje på val)

Olav Gjesteland (ikkje på val som styremedlem), sekretær (ny, for 2 år)

Anita Utsola (ikkje på val som styremedlem), kasserar (ny som kasserar, for 1 år)

Leiv Olsen, styremedlem (gjenval, for 2 år)

Eline Prestbakk, styremedlem (gjenval, for 2 år)

John Erik Ullestad (ny, for 2 år)

Håvard Hunsdal Schjong (gjenval, for 2 år)

Marthe Lien Hamre (gjenval, for 2 år)

Nils Melbøe, styremedlem (ikkje på val)

Ungdom mot EU (vel sin eigen representant)

Vara:

Kate Elin Norland (gjenval, for eitt år)

Bjørn Kjetil Andersen (gjenval, for eitt år)

Dagny-Helen Nygård (gjenval, for eitt år)

John Erik Ullestad var ikkje villig til å bli valt av eit årsmøte han meinte var ulovleg innkalla.

Årsmøtet valde:

Leiar: Amina Ødegaard Prestbakk (gjenvald for 2 år) (samrøystes).

Styret: dei valkomiteen hadde innstilt, blei valde til styremedlemmer og til varamedlemmer til styret:

Nestleiar Espen Watne (ikkje på val som styremedlem)

Sekretær: Olav Gjesteland (ikkje på val som styremedlem)

Kasserar: Anita Utsola (ikkje på val som styremedlem)

Styremedlemmer: Leiv Olsen (gjenvæl, for 2 år), Eline Prestbakk (gjenvæl, for 2 år), Håvard Hunsdal Schjong (gjenvæl, for 2 år), Marthe Lien Hamre (gjenvæl, for 2 år), Nils Melbøe (ikkje på val) samt ein representant som UMEU vel.

Varamedlemmer, valde for eitt år: Kate Elin Norland, Bjørn Kjetil Andersen, Dagny-Helen Nygård.

(alle vala var samrøystes).

Valkomiteen foreslo: «7 fra det nye styret blir delegater til landsmøtet. Lederen skal være en av disse.»

Årsmøtet vedtok:

7 fra det nye styret blir delegater til landsmøtet. Lederen skal være en av disse.

(samrøystes)

Når eit ordinært styremedlem av ulike grunnar går ut av styret, rykker vara opp. Det har vore uklart om varamedlemmet då fungerer som ordinært styremedlem ut heile perioden til det styremedlemmet det erstattar, eller bare ut perioden dei har vore valde som varamedlem. For å avklara dete, foreslo Leiv Olsen følgjande:

Varamedlem som rykker opp i staden for eit fast styremedlem blir sittande i vervet ut perioden dette styremedlemmet blei valt for.

Årsmøtet vedtok:

Varamedlem som rykker opp i staden for eit fast styremedlem blir sittande i vervet ut perioden dette styremedlemmet blei valt for.

(samrøystes)

Leiv Olsen foreslo ei ny ordning ved val av valkomité:

Medlemmer i valkomiteen i Rogaland Nei til EU blir valde for 3 år. Kvart årsmøte vel *eitt* nytt medlem av valkomiteen, valt for 3 år. Det medlemmet som har lengst ansiennitet i valkomiteen, blir leiar for valkomiteen.

Årsmøtet vedtok:

Medlemmer i valkomiteen i Rogaland Nei til EU blir valde for 3 år. Kvart årsmøte vel *eitt* nytt medlem av valkomiteen, valt for 3 år. Det medlemmet som har lengst ansiennitet i valkomiteen, blir leiar for valkomiteen.
(samrøystes).

Årsmøtet valde, etter forslag frå Leiv Olsen, desse til medlemmer av valkomiteen:

Turid Kalvig Sola (gjenvæl, for 1 år).

Dag Andreassen (gjenvæl, for 2 år)

Tom Knudsen (ny, for 3 år)

(samrøystes).

Til revisor valde årsmøtet, etter forslag frå Leiv Olsen: **Terje Garvik** (gjenvæl) (samrøystes).

11. Helsingar

- Tove Rasmussen, leiar for Motvind Sørvest, helsa årsmøtet på vegne av Motvind Sørvest.
- Heidi Bjerga helsa årsmøtet på vegne av Rogaland SV,
- Ole Ronny Koldal helsa årsmøtet på vegne av Rødt Rogaland.
- Elisabeth Stene, Industri- og Næringspartiet (INP), helsa årsmøtet på vegne av Rogaland INP.
- Vidar Nedrebø, Senterpartiet, helsa årsmøtet på vegne av Rogaland Senterparti.
- Arnfinn Nilsen helsa årsmøtet på vegne av Norges Miljøvernforbund.
- Nils Melbøe helsa årsmøtet på vegne av Rogaland Bonde- og Småbrukarlag.
- Melbøe opplyste at Rogaland Bonde- og Småbrukarlag har vedtatt å gi Rogaland Nei til EU ein gratisannonse verdt kr 2000 i årsmeldinga deira.
- Kim Hamre, leiar for Ungdom mot EU, helsa årsmøtet på vegne av Ungdom mot EU.
- Magnar Nomedal helsa årsmøtet på vegne av Vest-Agder Nei til EU.

Leiv Olsen

Referat v/Leiv Olsen

Protokollen bekrefta:

Kate Elin Norland

Kate-Elin Norland

Tom Knudsen

Tom Knudsen

08.02.2024

Vedlegg:

Vedtatt budsjett for 2024

Vedtatt arbeidsplan for 2024

Forslag frå John Atle Vestvik

Valkomiteens innstilling til nytt styre

